

1 Økonomiske analyser

1.1 UDIR – økonomi grunnskule

Nedanfor har vi henta ut tal frå utdanningsdirektoratet sitt [analyseverktøy](#) for grunnskule.

Tabellen syner kor store driftsutgiftene per elev i den kommunale grunnskulen er.

Driftsutgiftene per elev vert målt mellom anna ved lønsutgifter per elev, andel lønsutgifter av totale utgifter, driftsutgifter til inventar og utstyr per elev, og driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev. Tala baserer seg på innrapporterte tal for rekneskapsåret 2023 (Tal frå 2024 var ikkje tilgjengeleg pr 19.03.2025).

1.1.1 Brutto driftsutgifter til grunnskulen per elev:

Denne indikatoren viser kor mykje pengar kommunen brukar på grunnskulen per elev. Det betyr at vi ser på kor mykje pengar kommunen brukar på å drive skulen og deler det på kor mange elevar som går på skulen.

Dette inkluderer utgifter knytt til:

Funksjon 202: Grunnskole: Alle utgifter knytt til drift av grunnskulen, inkludert lønn til lærarar, undervisningsmateriell, og andre driftskostnader.


Funksjon 222: Skolelokaler: Utgifter til vedlikehald og drift av skulebygningar, inkludert reparasjonar og oppgraderingar.

Funksjon 223: Skoleskyss: Utgifter til transport av elevar til og frå skulen.

Nedanfor går KOSTRA-tala for Ulstein på dei tre funksjonane fram. Tilsaman utgjorde brutto driftsutgifter 186 823 000 kr for Ulstein kommune i 2023.


	Beløp (1000 kr)
	2023
	1516 Ulstein
202 Grunnskole	
Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	163 843
222 Skolelokaler	
Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	20 834
223 Skoleskyss	
Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde	2 146

1.1.2 Brutto driftsutgifter til grunnskolen per elev:




Ulstein har dei høgaste brutto driftsutgiftene per elev på 172 776 kr. Dette er høgare enn både nabokommunar (145 581 – 167 098) gjennomsnittet for Møre og Romsdal (158 483 kr) og landsgjennomsnittet (156 106 kr).

Lønnsutgifter til grunnskolen per elev:




Ulstein har også dei høgaste lønnsutgiftene per elev på 147 282 kr. Dette er betydeleg høgare enn gjennomsnittet for Møre og Romsdal (127 597 kr) og landsgjennomsnittet (121 469 kr). Ulstein hadde også dei høgaste lønnsutgiftene pr elev av nabokommunane (124 491 – 139 214).

Andel lønnsutgifter av totale utgifter i grunnskolen:



Ulstein har ein svært høg andel lønnsutgifter av totale utgifter i grunnskolen (95,3 %). Dette er mykje høgare enn nabokommunane der andelen varierer frå 83,7 % til 84,5 %. Landsgjennomsnittet og fylkesgjennomsnittet er hhv. 79,2 og 81,3 %


Driftsutgifter til inventar og utstyr i grunnskolen per elev:



Ulstein har driftsutgifter knytt til inventar og utstyr per elev på 1 185 kr. Dette er lågare enn Hareid (2 973 kr) og Herøy (1 865 kr), men høgare enn Volda (217 kr) og Ørsta (600 kr). Ulstein ligg litt over gjennomsnittet for fylke (1038 kr) og landet (1055 kr)

Driftsutgifter til undervisningsmateriell i grunnskolen per elev:

Driftsutgifter til undervisningsmateriell i grunnskolen per elev (kr)



Ulstein har driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev på 2 489 kr som er på nivå med Herøy kommune, men som er høgare enn gjennomsnittet for Møre og Romsdal (2 347 kr) og landsgjennomsnittet (2 151 kr). Volda har dei høgaste utgiftene med 3 408 kr pr elev og Ørsta dei lågaste med hhv. 1047 kr.

1.1.2 Kvifor har Ulstein kommune høge brutto driftsutgifter pr elev i grunnskulen?

Ein har sett nærmare på utrekninga av brutto driftsutgifter for å prøve å synleggjere kvifor Ulstein kommune har høge brutto driftsutgifter pr elev samanlikna med nabokommunane.

Økonomikontoret har utarbeida spørjingar for dei ulike funksjonane (202,222 og 223) og sortert på dei ulike ansvara i Ulstein kommune og UEKF.

Ulstein kommune		UEKF	
Rapportinfo	Linjeutvalg	Rapportinfo	Linjeutvalg
Ansvar	ALLE	Ansvar	ALLE
Funksjon	202, 222, 223	Funksjon	202, 222, 223
Kostra drift	10:285, 429, 590, 710, 729	Kostra drift	10:285, 429, 590, 710, 729
Konto	ALLE	Konto	ALLE
Kolonner	Regnskap	Kolonner	Regnskap
	Periode 2023/0:2023/12		Periode 2023/0:2023/12
Liste: Ansvar - Funksjon - Kostra drift - Konto	Regnskap	Liste: Ansvar - Funksjon - Kostra drift - Konto	Regnskap
ALLE	166 019 576	ALLE	20 802 630
> 1101 Felleskostnader	128 221	> 1000 Administrasjon	332 528
> 1122 Lærlingeordninga	616 297	> 1001 Reinholdstenester	6 762 857
> 1123 Frikjøp HTV	860 169	> 1002 Egedomsforvaltning	1 652 954
> 2000 Administrasjon oppvekst	2 559 380	> 2200 Haddal skule	838 924
> 2005 Gamle skulebygg/grendahus	27 610	> 2201 Hasund skule	1 198 090
> 2200 Haddal skule	11 450 320	> 2202 Ulstein skule	795 694
> 2210 Hasund skule	22 161 653	> 2203 Ulsteinvik barneskule	1 349 206
> 2220 Ulstein skule	12 755 684	> 2204 Nybygg Ulsteinvik barneskule	2 785 749
> 2230 Ulsteinvik barneskule	48 104 872	> 2205 Ulstein ungdomsskule	3 877 546
> 2240 Ulstein ungdomsskule	42 373 385	> 2206 Dimna grendahus	20 579
> 2280 Fellestenester grunnskule	5 094 698	> 5010 PPT	1 188 502
> 2400 PPT	18 019 123		
> 2901 Ulstein kompetansesenter	885 752		
> 9002 Beregningskonto renter og avdrag	982 412		

Til saman utgjorde desse spørjingane 186 822 206, som stemmer med KOSTRA-tala. I tala inngår PPT med over 19 mill.kr. Om lag ¾ av dette høyrer til andre kommunar. I tillegg fører truleg dei andre kommunane i PPT-samarbeidet rekningane knytt til PPT på konto 13500 (tenester frå kommunar) som vil bety at PPT-rekninga truleg ikkje vil vere med i korrigererte, brutto driftsutgifter for desse kommunane.

Tek vi vekk kostnad knytt til PPT tilsvarande ¾ vil Ulstein kommune ha ein reell kostnad på 4 801 906 kr knytt til PPT. Dette vil gjere at samla brutto driftsutgifter blir redusert med 14 405 719 kr og utgjere totalt 172 417 281 kr. Som utgjer 159 454 kr pr elev. Kostnaden pr elev er utrekna etter eit vekta snitt for kalenderåret i samsvar med utdanningsdirektoratet sin modell. Utrekninga går fram nedanfor:

Elevtal GSI skuleåret 2022-2023:	1 068
Elevtal GSI skuleåret 2023-2024:	1 100
Vekta snitt for kalenderåret vert:	
$(1\ 068 \times 7 + 1\ 100 \times 5)/12 = 1\ 081,3$	
Kostnad per elev: 172 417 281 kr/ 1 081,3 = 159 454 kr pr elev	

Avskrivingar:

I dei innrapporterte KOSTRA-tala for Ulstein på funksjonane 202,222, og 223 utgjorde avskrivingar ca 9,1 mill.kr. Det betyr at om kommunen har mange (og eventuelt dyre) skulebygg, vil dette påverke korrigererte brutto driftsutgifter per elev.

Samandrag: Ut i frå statistikken skil Ulstein seg ut med høge brutto driftsutgifter og lønsutgifter per elev, samt ein svært høg andel lønsutgifter av totale utgifter i grunnskulen. Ein viktig faktor som spelar inn på dei høge kostnadane pr elev er at alle kostnadar knytt til PPT er teke med i tala for Ulstein. Korrigerer ein statistikken for PPT hadde Ulstein brutto driftsutgiftene per elev på 159 454 kr som er litt over fylkesgjennomsnittet (158 483 kr). Det er viktig at lesaren tek høgde for dette i vurderinga av statistikken.